



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Vibeke Herskedal, 5557 2244

Vår dato
11.09.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/10832 721.0
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Avslutning av tilsyn med NAV Meland kommune – økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing til personar mellom 17 og 23 år

Fylkesmannen i Hordaland viser til rapport etter tilsyn med Nav Meland sosialteneste datert 15.01.2018, og til Meland kommune si tilbakemelding på Fylkesmannen sine funn av 26.02.2018. Etter tilsynet konkluderte vi med at det var grunnlag for eitt avvik frå lovkrav: «Søknader frå personar mellom 17 og 23 år vert ikkje avgjort etter ei konkret og individuell vurdering når det gjeld bruk av ungdomssats.»

Vi vurderte at tilbakemeldinga frå kommunen var uklar og bad Nav Meland presisere ytterlegare kven som er omfatta av den gruppa som skal få stønad til livsopphald etter denne satsen («ungdomssats»), og grunngje nærmere kvifor. Vidare bad vi kommunen opplyse om korleis de skal sikre at individuelle vurderingar skjer i kvar enkelt sak, og vi ønska kopi av dei vedtak kommunen har fatta der sosialstønad er innvilga etter ungdomssats, i tidsrommet sidan ny rutine vart innført, og til utgangen av mai månad.

Vi har fått opplyst frå kommunen at det ikkje fatta vedtak der det er nytta så kalla ungdomssats etter at det vart gjennomført tilsyn ved NAV Meland, jamfør brev datert 13.7.2018. På denne bakgrunn avsluttar vi tilsynet. Samstundes at leiinga framover vil foreta kontrollar for å følge med på at praksis er i samsvar med lovkrav.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Vibeke Herskedal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Statens helsetilsyn Postboks 231 Skøyen 0213 OSLO